

## Sør-Hove - Hoffuen (gnr. 186)

Sør-Hove var tidleg delt mellom fleire brukarar. Det kunne føre til at jorda og skogen, fiske og beite vart godt utnytta. Men sameige og samdrift kunne og føre til misunning og strid mellom slektene. Den eldste delen av saga til Hoffuen er tydeleg merkt av dette.

Brukarane på Hoffuen i 1668 var Dag Olufsen og Kristofer Matsen, men eigar av garden var da Lars Melby på Biri for 4 huder landskyld og Nils Lauritsens arvingar for 1 ½ skinn. Den samla landskyld av garden var altså 4 huder 1 ½ skinn. I matrikkelen av 1668 er det elles fortalt om garden at enga, innmarka var god og at det var skog nok til gards bruk og dessutan tømmerkog. Buskapen av store husdyr var da i alt 3 hestar og 18 naut, og korntiende vart utreidd med 2 ¾ td., som altså svara til ei årsavling på 27 ½ td. Det er elles opplyst at Sør-Hove hadde seter på "Rinden", Reina seter og eit eige fiskeri til fjells.

Dag Hofven var framleis brukar på garden og budde der i 1683. Han var da stemnt til tings for resterande landskyld, men han orsaka seg med at han var i tvil om kven av slekta Melby som var den rette landherren til garden Sør-Hove øvre. – Åtte år seinare vart det i 1695 tinglyst at rektor i Christiania magister Eilert Hirenklev til sit embete hadde eit fiskeri i Hunderfossen beneficert under Søre Hoven som han da ville bygsle bort. – Det eine med det andre fortel tydeleg at vi her ferdast på Hofvins gamle grunn.

Om gamle underbruk til den gamle garden fortel ei sak som retten avgjorde slik:

"Sør-Hoven i Fåberg.

10. juli 1713.

Lars Engelbretsen Sør-Hofven har innstevnt Oluf Olufsen Wormestuen og påstår pl.

Wormestuen ryddiggjort for sig.

Niels Melby av Biri sogn påstod at Lars Engelbretsens stevнемål ikke kunde gjelde, da pl.

Wormestuen var oppryddet av begge Søndre Hovengårdenes fellesmark og Oluf Olufsen betaler halve husleien til ham, som eier av den øvre gård Sør-Hofven. Lars Engelbretsen kunde derfor ikke alene drive Oluf Olufsen ut.

Efter vidnesavhøring m.v. inngikk parterne følgende forlik:

1. Oluf Wormestuen skal nyde pl. Wormestuen med aker og eng, som er innengjerdes.
2. Oluf Wormestuen skal av engen Ensrud nyde halvdelen av de to renner (reiner, engstrimler) som går imellem akerene, så vel som all eng oven akeren opp til gjerdet. Det øvrige skal Lars Sør-Hofven ha. Oluf Olsen skal nyde fiskeriet Skrøylen, et halvt garn mot landlods svarelse til Lars Engelbretsen

Alt det ovennevnte bruk og fiskeri beholder Oluf Olufsen sin levetid imot årleg rettighets svarelse til Lars Engelbretsen 1 ½ rd. Efter hans død tilfaller det Lauridz Engelbretsen Sør-Hovens gård, som det tilhører."

I 1723 var det Niels Pedersen Melby og Lars Narvesen som isaman åtte alt Sør-Hoven øvre.

Om garden og gardsbruket er det da fortalt at "Hoven" ligg i sollia, er lettbrukt og har god jord. Buskapen var da i alt 6 hestar, 30 naut, 32 sauer og 11 geiter, og den årlege utsæden var 9 tdr. bygg og litt rug. Det går elles fram at garden hadde eiga kvern, fiskeri i Laugen og to husmenn, den eine med brukande jord. Men året etter fekk Lars Larsen og Rasmus Halvorsen skjøte på "gdr. Søndre Hoven, skylder 3 huder 6 2/3 skind som Niels Melby hadde latt utbyde." Kjøpesummen for garden var 1201 rd. Det er opplyst at pl. Gietestad av skyld 1 ½ skinn var med i handelen. Dei to kjøparane var elles verbrør, og son til Lars Larsen, Peder Larsen, fekk da skjøte på og tok over Gietestad som sjølvstendig bruk for kjøpesum 100 rd. To år seinare fekk Lars Larsen Hove og Tord Smestad kongeskjøte på fiskerett i "Reena fiskevand som skylder 2 kalveskind med bøyel for 71 rd."

Rasmus Halvorsen som var med og kjøpte Sør-Hove øvre i 1724 lånte i samband med handelen 450 rd. av Tord Smestad og Peder Boleng mot pant i hans del av garden. Det er samtidig opplyst at landskylda av denne parten var 1 hud 9 ½ skinn, men av dette åtte verfare Lars Narvesen 2 2/3 skinn som Rasmus Halvorsen hadde til bruks. I 1739 lånte Rasmus Halvorsen Sør-Hoven, som han da er kalla, 450 rd. av Erik Pedersen Hov mot årleg rente og 1. pr. pant i Sør-Hoven av skyld 1 hud 9 2/3 skinn. Truleg skulle pengane brukast til nybygging og restaurering av husa på hans Hove-gard. Etter atter to år fekk i 1741 Lars Larsen Sør-Hove tingsvitnemål om ei stor vanlukka han hadde vore ute for. Denne saka er i utskrift av tingboka referert slik:

”Sør-Hoven i Fåberg.

15. febr. 1741.

Lars Larsen Sørhoven beklaget sig over sin vanlykke idet det foruten annen motgang har hendt ham at den største og beste del av hans kreaturer og hester er styrtet og omkommet, hvorved han er bragt i yderlig armod og må søke medlidende kristne om hjelp til sin fattige families underhold. Bekrefte av vidnerne Nils Skjeggstad og Peder Sørhoven, hvorom Lars Larsen begjærte tingvidne.”

Dette var så alvorleg at Lars Larsen same året gav skjøte til son sin, Lars Larsen d.y. på Sør-Hove av skyld 10 2/3 skinn for sum 253 rd. Men to år seinare selde i 1742 Lars Larsen d.y. sin part av Sør-Hove, Sørhoven av skyld 10 2/3 skinn til Ole Pedersen Ersgaard for 316 rd. Rasmus Halvorsen som kjøpte sin del av Sør-Hove i 1724 hadde garden til i 1745. Da gav han skjøte til Erik Pedersen Lilleberge på 2 huder i grd. Sørhove for 640 rd. Seljaren vart da kalla Rasmus Halvorsen Barlund og hadde truleg overtatt Barlund i Gausdal.

Kjøparen Erik Pedersen, f. 1702, var gift med Anne Jensdr. Rustaden, og dei fekk 3 born. Det var: 1. Jens f. 1748, 2. Kristen f. 1753, 3. Peer, f. 1760, gift 1789 med Eli Iversdr. Ersgard.

Om Erik Pedersen Haave, som han snart skriv seg, er elles å seia at han var av den mannstypen som både kan planlegge og dyrke eit nybrot, og han vart ein god husbond på Sør-Hove.

Etter atter to år gav i 1747 Lars Larsen skjøte til Thomas Bjørstad på 4 skinn i Sør-Hove(n) for 110 rd., og i 1752 fekk Thomas Bjørstad skjøte på 7 ½ skinn til i Sør-Hove og åtte dermed den parten av garden som Lars Larsen før hadde hatt, Sør-Hove av skyld 11 ½ skinn. Thomas Bjørstad hadde elles ikkje garden lenger enn til i 1755. Da gav han skjøte til son sin Anders Thomassen på 11 ½ skinn i Sør-Hove og ½ fetling i Reina fiskevatn for 410 rd.

Erik Pedersen, som hadde sviktande odelsrett til den garden han hadde overtatt, kjøpte i 1753 også ved tinglyst odelskjøte på garden Sør-Hove av skyld 2 huder for 400 rd. Seljaren av odelsretten er i dette skjøte kalla tambur Halvor Rasmusen Barlund.

Ei sak der Erik Pedersen var hovudaktør er etter utskrift av tingboka referert på denne måten:

”Sør-Hove i Fåberg.

1. okt. 1760.

Erik Pedersen Sørhoven har innstevnt Niels Larsen Opigaard og Peder Larsen Nerigaard Sørhoven samt lensmann Poul Simensen Wold for tilføyede fornærmelser på hans gård Sørhovens eiendeler.

Div. vidner blev avhørt. Da det var for sent på året til situationskartets optagelse, utsattes saken til neste år.

14. aug. 1761.

Efter videre vidne-avhøring m.v. utsattes saken til 21. okt. efter Niels Larsen Sørhovens forlangende.

21. okt. 1761.

Erich Pedersen Sørhoven og Niels Larsen Sørhoven inngikk flg. Forlik: 1. Niels Larsen betaler citanten 30 rd. for de påførte fornærmelser. 2. Ang. gjerdene, så fullfører retten den 25. mai 1762 en opmålings- og delingsforretning over gårdens gjerder. 3. Homlegården deles samme tid. Såfremt Niels Larsen flytter sine hus, deles de gamle tomter likt mellom parterne.

25. mai 1762.

Erich Pedersen Sørhoven kontra Niels Larsen Sørhoven. Deling og opmåling av gjerder mellom parterne. Homlegaarden blev delt så at Erich Pedersen fikk den nordre og Niels Larsen den søndre del.

Saken utsattes til 5. juli.

5. juli 1762

Opmåling og deling av grd. Sørhovens skigarder.

Saken blev dermed sluttet.”

Det går tydeleg fram at Erik Pedersen Sør-Hove sikkert var ein sterk mann til å gjennomføre det han hadde sett seg føre.

Ein merke seg elles at det altså var humlehage på Sør-Hove øvre, og at den var så stor at han kunne delast.

Erik Pedersen Haave var framleis brukar på sin part av Sør-Hove i 1764. Han hadde da etter søknad til foged Johan Adolph Pram fått løyve til å rydde og bruke nokre utslåttar kring Grøtåsbekken mot årleg avgift 2 skl. I 1769 gav han sjølv bevilling til Jørgen Chr. Sorgendal til å rydde eit nytt lågåsildvarp på Sør-Hoves grunn. Tre år seinare vann Erik Pedersen Haave ei sak mot sjølvaste sorenskrivar Rasmus Nygård, om 800 rd. + renter som sorenskrivaren vart dømt til å betale ”under eksekusjon i underpantet grd. Lunde av skyld 1 hud 6 skind.” Men i 1777 gav så Erik Pedersen Haave skjøte til son sin Jens Eriksen f. 1748 på ”Opgaarden Sørhaaven som skylder med bøxel og herlighet 2 huder med Renen fiskevand for sum 1000 rd. + føderåd til foreldra Erik Pedersen og Anne Jensdtr.

Jens Eriksen, som da overtok Sør-Hove av skyld 2 huder, var gift med Anne Hansdtr.

Skjeggstad f. 1752, og dei fekk 1 barn, dottera Anne f. 1786.

Året etter var i 1778 Nils Larsen Hammer eigar og brukar av det andre halve Sør-Hove også med ein part av Reina fiskevatn for samla skyld 11 ¼ skinn. Nils Larsen lånte da 200 rd. av verbror sin Lars Olsen Haukliken mot 4% årleg rente og 1. pr. pant i ”sin gaard Sørhoven”.

Men 13 år seinare hadde i 1791 sonen Ole Nilsen tatt over denne parten av Sør-Hove.

Kjøpesummen for garden var da 890 rd. + føderåd til foreldra. I samband med handelen gav Ole Nilsen obl. til Ole Olsen Fagstad for 750 rd. mot pant i søndre Haaven av skyld 2 huder ¼ skn.

Jens Eriksen Sørhove, som overtok Sør-Hove av skyld 2 huder i 1777, hadde vanskeleg for å greie seg økonomisk. Av ei tinglyst fråsegn dagsett 8. febr. 1788 går det fram at han da var skyldig til dei to brørne sine, Kristen og Peder, 853 rd. 2 mark + 3 rd. 3 mark 16 sk. ”av samme dato”. Han hadde og andre rettssaker samtidig.

Etter dei skifte som her er skissert var det ved folketellinga i 1801 i grunnen to omtrent like store gardar på Sør-Hove øvre: Sør-Hove av skyld 2 huder 1 skinn med Jens Eriksen som eigar, og som vi her kallar Sør-Hove I, og Sør-Hove av skyld 2 huder ¼ skn. med Ole Nilsen som eigar, og som vi her kallar Sør-Hove II. På Sør-Hove I budde det 4 familiar; på Sør-Hove II budde det 5 familiar. Det var:

Sør-Hove 1:

1. familie: 1. Jens Eriksen, husbonden, 53 år, 2. Anna Hansdtr., kona hans, 49 år, 3. Anne Jensdtr., dotter deres, 15 år, 4. Peder Olsen, tenestkar, 23 år, 5. Peter Olsen, tenestkar,

- 23 år, 6. Kari Olsdtr., tenestkvinne, 23 år. 7. Berthe Nielsdtr., tenestkvinne, 20 år, 8. Kari Larsdtr. ”nyder legd”, 69 år.
2. familie: 1. Hans Olsen, dragon og husmann med jord, 37 år, 2. Martha Hansdtr., kona hans, 42 år, 3. Hans Hansen, son deres, 7 år, 4. Ole Hansen, son deres, 5 år, 5. Marit Hansdtr., 1 år. 6. Berit Kristensdtr., innerst, dagarb., 25 år, 7. Kristen Engebretsen, son hennes, 4 år.
  3. familie: 1. Johannes Kristofersen, husmann med jord, 42 år, 2. Kari Olsdtr., kona hans, 38 år, 3. Ole Johansen, son deres, 11 år. 4. Anne Johansdtr., dotter deres, 4 år, 5. Ingeborg Johansdtr., 2 år.
  4. familie: 1. Kristen Mortensen, husmann med jord, skomaker, 37 år, 2. Ingri Pedersdtr., kona hans, 33 år, 3. Rønnaug Kristensdtr., dotter deres, 8 år, 4. Kristofer Kristensen, son deres, 7 år, 5. Mari Kristensdtr., 5 år, 6. Kristen Kristensen, son deres 3 år.

#### Sør-Hove II:

1. familie: 1. Ole Nilsen, husbonden, 41 år, 2. Ingeborg Olsdtr., kona hans, 32 år, 3. Johan Olsen, son deres. 9 år, 4. Ole Olsen, son deres, 6 år, 5. Nils Olsen, son deres, 2 år, 6. Mari Olsdtr., dotter deres, 2 år. 7. Ole Kristensen, tenestkar, 15 år, 8. Guri Paulsdtr., tenestkvinne, 40 år, 9. Randi Engebretsdtr. tenestkvinne, 26 år.
2. familie: 1. Nils Larsen, føderådsmann, 73 år, 2. Maria Olsdtr., kona hans, føderådskvinne, 71 år, 3. Randi Engebretsdtr., dotterdotter til mannen, 15 år.
3. familie: 1. Johannes Olsen, dragon og husmann med jord, 40 år, 2. Marit Alfsdtr., kona hans, 41 år, 3. Ole Johannesen, son deres. 9 år. 4. Arne Johannesen, son deres. 7 år, 5. Kristen Johannesen, son deres, 6 år, 6. Helene Maria Johannesdtr., dotter deres, 11 år, 7. Anne Johannesdtr., 4 år. 8. Peder Johannesen, 2 år., 9. Lars Johannesen, 1 år.
4. familie: 1. Lars Nilsen, husmann med jord, 39 år.
5. familie: 1. Hans Simensen, innerst utan jord, dagarb. 51 år, 2, Else Nilsdtr., kona hans, 41 år.

Husbonden Jens Eriksen Sør-Hove kunne somme tider gå fram på ein grov og usømeleg måte. Han vart såleis i 1802 dømt til å betale for si usømelege åtfærd ved forlikskommisjonen 10 rd. i bøter til fattigkassa og 10 rd. i bøter til justiskassa. Nokre år seinare var det og ein langvarig og vond strid mellom Jens Haave og Peder Paulsen Haave om byte av nokre engstykke som hørde til Sør-Hove.

I mellomtida kom så matrikkelframlegget av 1819 med nye opplysningar om Fåberg-gardane. Der er den eine av gardane på Sør-Hove øvre kalla Haave Søndre, og den andre er kalla Haavesveen. Det er vidare fortalt om gardane at på Haave Søndre var buskapen av store husdyr i den tid 4 hestar, 24 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 70 tdr. På Haavesveen var dei tilsvarande tal 4 hestar, 20 naut og kornavlinga ca. 66 tdr. Det er elles oppgitt at baa gardane framleis hadde 2 husmannsplassar kvar. Ved matrikuleringa i 1839 var det Paul Pedersen som var vorte gardbrukar på Sør-Hove, og Lars Fredriksen var eigar og brukar av Hovesveen.

Den nye husbonden på Sør-Hove øvre, Paul Pedersen, var frå Sør-Hove nedre, og var fødd 1784. Han vart i 1805 gift med Anne Jensdtr. Sør-Hove øvre, og dei fekk 6 born. Det var: 1. Karen (Kari) f. 1805 gift 1832 med Kristian Sørsveen, 2. Erik f. 1807 gift 1839 med Kristine Engebretsdtr. Nord-Hove f. 1817, 3. Anne f. 1812 gift 1846 med Jens Jensen Svendsrud f. 1814, 4. Mari f. 1820 gift 1853 med Fredrik Larsen Hovesveen f. 1826, 5. Jens f. 1823 gift 1867 med Mari Pedersdtr. Lilleberge f. 1831, 6. Berte f. 1826 gift 1859 med Matias Olsen søre Flygstad f. 1834.

I Hovesveen hadde Ole Nilsen garden til han i 1824 selde ættegarden til son sin Johan Olsen, som brukte Hovesveen vidare til i 1841. Da overlet han ved eit makeskifte garden til Lars

Fredriksen, som alt i 1839 var brukar i Hovesveen. Etter det hadde så Lars Fredriksen Hovesveen til i 1865, da han gav skjøte til son sin Fredrik Larsen for kjøpesum 860 spd. + føderåd til 5-årleg verdi 600 spd.

Same året, altså i 1865, vart det i samband med den store landbrukstellinga publisert fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om Sør-Hove øvre fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid var 264 mål, og av dette var 123 mål jord av beste klasse. For Haavesveen var dei tilsvarande tal 258 mål og 136 mål. Samtidig er det opplyst at buskapen her på sjølve garden Haavesveen da var 4 hestar, 17 storfe, 13 sauer og 12 geiter, men dertil var det på husmannsplassane til garden til saman 3 kyr og 7 sauer. Ført på same måten var buskapen på Sør-Hove gard 4 hestar, 21 storfe, 10 sauer og 10 geiter, men dertil var det på husmannsplassane 2 kyr og 5 sauer. Ført på same måten var utsæden det same året på sjølve Sør-Hove: ½ td. rug, 1 ½ td. bygg, 7 tdr. blandkorn, ½ td. erter og 8 tdr. settepoteter, dertil var dert sådd og satt på plassane til garden: ½ td. bygg, 1 ½ td. blandkorn og 1 td. poteter. For Hovesveen var dei tilsvarande tal for utsæd: på sjølve garden ½ td. erter, 4 tdr. bygg, 5 tdr. blandkorn, ½ td. erter og 4 tdr. settepoteter, men dertil var det sådd og sett på husmannsplassane under garden: ½ td. bygg, 2 tdr. blandkorn og 1 ½ td. poteter.

I 1855 hadde Paul Pedersen Sør-Hove gitt skjøte til sonen sin Erik Paulsen på ættegarden Sør-Hove for kjøpesum 2500 spd. + føderåd til foreldra Paul Pedersen og Anne Jensdtr. I samband med handelen lånte kjøparen Erik Paulsen 1200 spd. av 2 søstre og 4 systersøner. Erik Paulsen hadde Sør-Hove i 21 år. Da selde han i 1876 Sør-Hove til Engebret Eriksen Dahl for kjøpesum 4000 spd. + føderåd verdsett til 500 spd.

Ti år seinare kom så i 1886 den nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld omrekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Sør-Hove fekk da gardsnr. 186 med ei samla matr.skyld av 40,15 mark, og det var ved matrikuleringa alt 7 bruksnr. under gardsnr. 186 Sør-Hove. Det var: gr.nr. 186, br.nr. 1 Sør-Hove av skyld 16,85 mark og med Engebret Eriksen Dahl som eigar, br.nr. 2 Sandvadet, matr.skyld 1,14 mark, oppsittar: Jens Paulsen, br.nr. 3 Kalveløkken og Indleggingen, matr.skyld 16,08 mark, eigar og brukar: Fredrik Larsen, br.nr. 5 Ensrud, matr.skyld 2,32 mark, oppsittar: Simen Nilsen, br.nr. 6 Sveen, matr.skyld 2,34 mark, oppsittar: Kristoffer Kristiansen, br.nr. 7 Løkken, matr.skyld 0,77 mark, oppsittar: Johannes Ludv. Breiset.

I 1896 var det eit makteskifte mellom Sør-Hove og Stor-Hove om i alt 4 parsellar til ein verdi av kr. 1300, og i år 1900 vart parsellen Ensrudberget fråskild garden. Vidare var i 1905 parsellane "Moshølen søndre" og "Haugen" skyldsett ifrå og fekk br.nr. 11 og 12.

Fem år seinare gav i 1910 Engebret E. Dahl skjøte til son sin Erik E. Dahl på Sør-Hove gard og ¼ av "Ytre Vaaløen", som Engebret E. Dahl hadde kjøpt inn av Ringsaker Soknekall. I samband med gardhandelen lånte Erik E. Dahl kr. 15000 av søskena sine: Hans E. Dahl, Kristine. Elise, Marie og Margit Dahl, kr. 3000 av kvar.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det elles skjedd dei skifte at br.nr. 3 Kalveløkka og Indleggingen var overtatt av Andreas Hovesveen, Arnt E. Fredriksen hadde kjøpt br.nr. 4 Sveen, og br.nr. 6 Sveen var selt til Bernt Mathiassen. Anne Breiset hadde da kjøpt br.nr. 7 Løkken, br.nr. 8 Svehaugen var selt til Andreas Fredriksen, br.nr. 9 Nymoen var kjøpt av Erik Smestad, og br.nr. 10 Ensrudberget av skyld 0,05 mark var det Fredrik Kristensen som hadde kjøpt. – I nyare tid kjøpte så i 1907 Nils Blessom br.nr. 6 Sørsveen av skyld 2,34 mark, og året etter kjøpte Ole Jakobsen Korgen br.nr. 11 søndre Moshølen av skyld 0,46 mark. Samtidig kjøpte og direktør Ødegaard br.nr. 12 Haugen, skyld 0,05 mark, br.nr. 13 Nedre Sandvadet, skyld 0,34 mark, vart selt il Kristian Haavemoen, br.nr. 15 Indleggingen, og br.nr. 17 Moshølen øvre vart i 1930 selt til Petter Moshølen. I 1931 kjøpte Norges Statsbaner 3 bruksnr. grustak, og samtidig kjøpte Gunnar K. Ensrud br.nr. 22 Ensrud parsell av skyld 0,21 mark. I 1937 kjøpte Kristian S. Jørstad br.nr. 9 Øfstedalsteigen, året etter kjøpte i 1938 Arnt

E.F. Håvesveen br.nr. 27 Vardhaugen Revegård av skyld 0,80 mark, og same året kjøpte Kristian Skjeggstad br.nr. 28 Skålengstykket.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 vorte 28 bruksnr. under gardsnr. 186 Sør-Hove. Likevel var framleis det meste av den dyrka jord under 10 gardsbruk, som alle hadde eit jordbruksreal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Dei 10 gardsbruka var: 1. gr.nr. 186, br.nr. 1 Sør-Hove, areal ca. 200 mål, eigar og brukar Erik E. Dahl, 2. br.nr. 2, Sandvadet, areal ca. 20 mål, eigar Finn Scholl, 3. br.nr. 4. Hovesveen, areal ca. 150 mål, eigar Arnt Hovesveen, 4. br.nr. 5 Ensrud, areal ca. 27 mål, eigar og brukar Gunnar Ensrud, 5. br.nr. 6 Sørsveen, areal ca. 45 mål, eigar Mathilde Haugen, 6. brnr. 8 Svehaugen, areal ca. 25 mål, eigar Karen Svehaugen, 7. br.nr. 15 Innleggingen, areal ca. 15 mål, eigar og brukar Kr. Moshølen, 8. brnr. 11 Moshølen Søndre, areal ca. 30 mål, eigar og brukar Johannes Moshølen, 9. br.nr. 17 Moshølen øvre, areal ca. 20 mål, eigar og brukar Mathias Johansen, 20. br.nr. 21 Mælingen, areal ca. 17 mål, eigar og brukar Andreas Mælingen.

### **186 a Vormstugua – Wormstuen**

Wormstuen: Namn der 1. leden er eit mannstillnamn Worm. Mannen som hadde namnet heitte eigentleg Peder Iversen Worm. Han var død i 1694, og det var da skifte etter han på ein namnlaus plass under Sør-Hove. Det er sikkert denne plassen der Worm levde og døde som etter han vart kalla Vormstugua, men som i skrift var oversett til Wormstuen. Det ligger nær å undrast på om Peder Iversen Worm var av dansk-tysk ætt.

Peder Iversen Worm var gift to gonger, først med Karen Andersdtr. og andre gongen med Anne Ingebretsdtr. Det var born i baa ekteskap. I det første: Anders og Marte, i det andre: Kristen og Karen. – I 1711 er det fortalt at det var skifte på ein plass under Sør-Hove som er kalla Vormstad, og at det blant arvingane der var ein som heitte Oluf Olsen. To år seinare hadde Lars Engebretsen Hofvin innstemnt støfar sin Oluf Wormstuen til å ryddiggjera ”hans odelsjord Wormstuen til første faredag”. Dette stemnemålet førde til ei sak som i utskrift av tingboka er referert slik:

”Hove i Faaberg.

15. febr. 1713

Lauridt Ingelbredsens Hofvin har innstevnt sin Stedfar Oluf Vormestuen til å ryddiggjøre hans odelsjord Wormstuen til første faredag, da han selv trenger å bruke denne sin plads under sin gård Hofvin.

Denne sak som tidligere har været tilstevnt, henvistes som før til åstedet Vormstuen.

10. juli 1713.

Lars Engebretsen Sør-Hoven har innstevnt Oluf Olufsen Wormstuen og påstår pl.

Wormestuen ryddiggjort for sig.

Niels Melby af Biri sogn påstod at da Lars Engebretsens stevнемål ikke kunde gjelde, da pl. Wormestuen var opryddet av begge Søndre Hovengårdens fellesmark og Oluf Olufsen betaler halve husleien til ham, som eier av den øvre gård Sør-Hoven. Lars Engebretsen kunde derfor ikke alene drive Oluf Olufsen ut.

Efter vidneavhøring m.v. inngikk parterne følgende forlik:

1. Oluf Wormestuen skal nyde pl. Wormestuen med aker og eng, som er innengjerdes.
2. Oluf Wormestuen skal av engen Ensrud nyde halvdelen av de to render (reiner, engstrimler) som opgår imellem akeren, så vel som all eng oven akeren opp til gjerdet. Det øvrige skal tilhøre Lars Sør-Hoven.

Oluf Olufsen skal nyde fiskeriet Skrøylen, et halvt garn mot landslods svarelse til Lars Engebretsen.

Alt det ovennevnte bruk og fiskeri beholder Oluf Olufsen sin livstid imot årlig rettighets svarelse til Lars Engebretsen, 1 ½ rd. Efter hans død tilfalder det Lauridz Engelbretsen Sør-Hofnens gård, som det tilhører.”

Fire år seinare let i 1717 Oluf Olufsen og Beret Eriksdtr. Wormstuen tinglesa eit gavebrev der det går fram at dei var barnlause folk, og at dei da hadde gjort kvarandre til arvingane sine. Frå elleve år seinare er eit anna gavebrev der Ole Olsen (Oluf Olufsen) og hustru Beret gir alt som blir att etter dei til Morten Olsen ”Worm Stuen”. I 1736 er det tydeleg fortalt at Morten Olsen Wormstuen var blant arvingane ved eit skifte på Nord-Hove av skyld 10 skinn. Året etter gav i 1737 Peder Larsen Sør-Hove bygselbrev til bror sin Ole Larsen på ”et husvær under gaarden Wormstuen kaldet, som han maa bruke og beholde sin livstid.” Frå to år seinare er eit skjøte av 1739 der Morten Olsen ”forhen i Wormstuen under Sørhoven i Fåberg prestegjeld” selde 3 skinn jordegods med bygsel til Peder Larsen Sørhoven. Det eine med det andre viser at ikkje minst Morten Olsen i Wormstuen var ein mann som var med.

Av Fåberg kyrkjebøker som kjelde er elles å fortelja at i 1739 var det atter vorte ny brukar i Wormstuen. Han heitte Ole og var da hos presten og tinga dåp til vesle Anne, dotter si. Ni år seinare var Per Olsen Wormstuen” til dåpen, og etter atter tre år heitte dåpsbarnet frå Wormstuen Marit Olsdtr.

Frå ni år seinare er det i 1760 tydeleg fortalt at i denne tid var Wormstuen husmannsplass under Sør-Hove nedre. Dette skjøtet som og gir fleire interessante opplysningar om tider og tilhøve er elles i utskrift sålydande:

”Sørhoven nedre.

Skjøte dat. 14. april 1760 tgl. 17. sept. S.å.

Fra Peder Larsen Sørhoven i Faaberg til Knut Tostensen Sprechenhus av Øier og hans arvinger på 4 huder ½ skind med bøxel i gården Sørhoven Needre med underliggende husmannspladser Wormstuen, Leerhullet, Moen og Hougen samt Reena fiskevand og de øvrige 1 ½ skind som fyldestgjør gårdens fulde skyld 4 huder 2 skind og som består i pladsen med Ødegaarden Gietestad samt den halve del av alle slags fiskerier i Lougen elv som er eller blir anlagte på Sørhovens grund, så vel som fri hugst og havning i Moen udmarken og fieldet forblir lensmannen Poul Wolds eiendom.

For de 4 huder ½ skind skal kjøperen betale 1950 rd. av hvilke han har betalt 1550 rd. og de øvrige 400 rd. skal bli stående i gaarden ubetalte så lenge selgeren, hans hustru Ragnhild Christensdtr. og faren Lars Engelbretsen lever.”

Av ei kontrakt om Wormstuen frå 1772 går det fram at Ole Wormstuen da hadde fått både søner og svigersøner. Denne kontrakta gir elles andre opplysningar, og vi tek ho her med i utskrift:

”Wormstuen.

Kontrakt dat. 20. april 1772 tgl. 18. juni s.å.

Mellem Ole Wormstuen og hans svigersønner. Da nu Ole Wormstuen finder forgodt å la sin søn Lars Olsen i sit sted bruke pladsen Wormstuen til sin dødsdag, med de kondisjoner at han sin far og mor forsyner, og da hans svigersønner alle har bekommet deres del i pladsen Wormstuen, deklarerer de at alt som enten nu eller anden tid av hvad navn nevnes kan som blir igjen efter deres svigerforeldre tilhører ermeldte Lars Olsen.”

Året etter gav i 1773 Erich Larsen skjøte til Lars Wormstuen på ”Leerhullet av skyld 1 skinn for 128 rd. Dermed var Lars Olsen altså eigar av dette bruket og dessutan også brukar av Vormstugua.

Det neste som ein finn om plassen Vormstua er at lensmann Poul Simensen i 1783 hadde innstevnt husmann Ole Larsen Wormstuen til å avstå pl. Wormstuen fordi han ikkje gjorde pliktene sine som husmann. Saka vart utsett til eit seinare ting og er så i 1784 referert såleis:

”Hove i Fåberg.

16. febr. 1784.

Lensmann Poul Simensen Haave kontra husmannen Ole Larsen ang. Wormstuens fravikelse. Dom innført i domsprotokollen:

Det er godt gjort at pl. Wormstuen er citanten Poul Simensen Haaves eiendom under hans gaard Haave og at pladsens bruker, innstevnte Ole Larsen er lovlig utsagt fra pladsens videre bruk og beboelse. Da innstevnte ikke er fremmøtt eller ladt bevise nogen rett til pladsen, så kjennes for rett: At innstevnte Ole Larsen til næste faredag bør fravike pl. Wormstuen for citanten Poul Haave og betale ham denne saks omk. med 4 rd.”

Dette er slutten på det vi finn fortalt om det gamle bruket Vormstugua i Fåberg. Dei siste som reiste med barn til dåpen frå Vormstugu'n, var visstnok Syver og Marit da die i 1783 fekk døypt dotter si, vesle Anne.

### 186 c – Sandvadet

Sandvadet: Namn som kan vise til ein stad der det var godt å vade over berrføtt. Skrivemåten av namnet har vore velsigna stø og konsekvent i all den tid det har vore i bruk.

I skrivne kjelder finn vi bruket Sandvadet først nemnt i 1746. Brukaren der heitte da Engebret, og dotter hans, som vart døypt 14. september s.å., fekk namnet Marit. Men fem år seinare er det i 1751 fortalt at Peder Olsen fekk bygselseddel frå Erich Pedersen Sørhoven på ”en hans gård til og underliggende husmandsplads Sandvadet mot årlig husleie 3 rd.” Frå 1762 går det tydeleg fram at kona til Peder Sandvadet nok heitte Gjertrud. Dei hadde da fått sonen Lars, og i 1767 fekk dei dottera Siri. Frå fem år seinare er eit pantebrev som her kan vera av interesse, og som vi tek med i utskrift:

”Sandvadet.

Pantebrev dat. 28 desmbr. 1772 tgl. 17. febr. 1773.

Peder Olsen boende på pladsen Sandvadet under gården Sørhoven i Fåberg er skyldig til sin landherre og husvert Erich Pedersen Sørhoven 98 rd. mot årlig rente 4%, og til sikkerhet for kapital og renter pantsetter han ham herved 2 kjør, 1 kvie samt 7 småkreature tillikemed et års avl og avgrøde av pladsen Sandvadet og alt andet sit eiende løsøre.”

Men i 1787 var det kome knute på tråden mellom husbonden og husmannen, og Jens Haave let da stemne inn Peder Sandvadet fordi han ikkje ville oppfylle pliktene sine som husmann, men sette bort plassen til framande. I denne tida vart elles den brukande jorda der utvida med 3 mål, og i 1791 budde det 2 familiar på Sandvadet. Peder Pedersen og Kari Sandvadet hadde barnedåp og fekk døypt dotter si Kari 9. oktbr. Johannes og Marthe Sandvadet hadde barnedåp og fekk døypt sonen sin Ole 27. novbr.

Tre år seinare var det i 1794 ei større rettssak mellom Jens Eriksen Sørhaave og Kristen Eriksen Rustaden om eit skjøte av 1777 vedkomande Sandvadet. Ved denne saka er det elles



opplyst at det vart nytta sakførar, prokurator Fougner. Saka endte med semje mellom partane, og forliket hadde etter ei utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Sandvadet i Fåberg.

10. oktbr. 1794.

Tingsvitnesak Jens Sørhaave kontra Christen Erichsen ang. pl. Sandvadet.

Prok. Fougner møtte for citanten og erklærte at saken var forlikt. Utsattes til neste ting, for å få forliket innført.

17. febr. 1795.

Forlik: Citanten Jens Erichsen betaler innstevnte Christen Erichsen 70 rd., hvorav 30 rd. betales straks og resten til 14. april fk. med likvidation i 3 års husleie. Som innstevnte resterer. Derimot renoncerer innstevnte Christen Erichsen på den rett han mener å han til pl. Sandvadet etter sin fars skjøte til citanten på grd. Sørhaave tgl. 1777, og frafalder alle pretentioner han etter dette skjøtet kunne ha. Etter noen ventillation forbandt citanten sig til å betale de 40 rd. til 14. april uten avkorting for husleie. Innstevntes bror, Peder Ersgaard, var tilstede og frasa sig forkjøpsretten til pl. Sandvadet.”

Av Fåberg kyrkjebøker som kjelde går det elles fram at det i 1806 var Peder Pedersen og kona Sigrud som da var husmannsfolk og brukte Sandvadet. Dei hadde da barnedåp og fekk døypt dotter si, Berte. – Fem år seinare var det i 1811 gravøl på Sandvadet. Den døde var da enka Gjertrud Pedersdr., som i 1762 vart mor til Lars Pedersen Sandvadet. I tidsrommet frå 1811 til 1855 ser det nærast ut til at det var folketomt i Sandvadet. Det vart visstnok ingen fødd der i den tida, og heller ingen gifte. Truleg vart Sandvadet alt da brukt som eit føderådsbruk under garden.

14. juni var det så ei skylddelingsforretning på Sørhove der Sandvadet vart ”fraskilt Hovedgaarden og undtaget fra salg”. Året etter vart ved ei ny skylddeling ”2de Engstykker Kalveløkken og Indlægningen med Andel i Skog og Havnerettigheder” også skyldsett og fraskilt. I samband med dette gav så Paul Pedersen tinglyst skjøte til svigerson sin Fredrik Larsen Haavesveen på Sandvadet for 100 spd. Tre år seinare vart likevel denne handelen endra slik at son til Paul Pedersen, Jens Paulsen, overtok Sandvadet for 200 spd., men ”med Forpligtelse i Tilfæde av Salg, at tilbyde sine Søkende samme”. –

Ved matrikuleringa i 1886 vart så Sandvadet innført i matrikkelen under Sør-Hove som gr.nr. 186, br.nr. 2 Sandvadet av skyld 1,14 mark. Det var da framleis Jens Paulsen som var eigar og brukar av Sandvadet. Derimot var det Fredrik Larsen som var eigar eller brukar av br.nr. 3 Kalveløkken og Indlæggingen av skyld 0,65 mark.

### **186 d – Ensrud**

Ensrud: Gardnamn der 1. leden mest truleg er mannsnamnet Einarr, som i samstilling med rudr har vorte avstutta til Einsrud, Ensrud. Namnet kan tyde på at bruket har ei eldre ukjent fortid.

I skrivne kjelder finn vi Ensrud først nemnt i 1713. Bruket er da kalla ”engen Ensrud”, og det skulle tyde på at det da ikkje budde folk der. Derimot går det tydeleg fram at ein del av den inngjerda enga var oppdyrka og brukt som åker.

Først etter eit heilt hundreår finn ein dei sikre prov på at her var det nok både bygt og busett. 2. juli 1814 var det avsluttande skifte etter den da avdøde husmora på Ensrud, Gunild Hansdr. Ved skiftet viste det seg at eiga i buet utgjorde 44 riksbankdalar, men skulda var 108 rbd., så det var ingenting å skifte. Men Gunild Hansdr. og mannen hennar, Knut Gundersen Ensrud, hadde fått 4 born, og dei kunne vera meir enn gull verd. Alderen på borna var da: 1: Simen 12 år, 2. Ingebor 9 år, 3. Sidsel 7 år, 4. Kari 4 år. Seks år seinare var og faren Knut

Gundersen død, og det var atter skifte på Ensrud. Av opplysningane frå skiftet går det elles fram at faren Knut hadde gifta seg oppatt med Beret Kristensdtr. og hadde 2 born i dette ekteskapet, Gunhild og Marthe. Vi nemner dette om vi seinare skal råka dei att her på eller ved Ensrud.

Men av kyrkjebøkene som kjelde går det tydeleg fram at etter atter 13 år var det kome ein annan familie til Ensrud. Nils og Sønnøv "Ensrud" hadde 30. novbr. 1833 barnedåp og fekk da døypt den vesle dotter si, Oline. Sønnøv levde nok lengre enn mannen sin, for i 1851 var ho oppattgift med Nils Olsen, som da vart kalla gardbrukar Nils Olsen Ensrud. Han og Sønnøv Pedersdtr., hadde da fått ein son som fekk namnet Simen. To år seinare hadde Simen fått ei søster som vart døypt Mari, og to år seinare kom tvillingparet Matias og Lise. Broren Børre som vart fødd i 1858, vart visstnok verande den yngste i søskenflokket.

Ved jordbrukstellingane i 1865 var det framleis Nils Olsen som var brukar på Ensrud. Det samla jordbruksareal på garden av åker, eng og seterlykkje vart da oppgitt til å vera 22 ½ mål, og av dette vart 22 ½ mål rekna som jord av 1. klasse. Buskapen på Ensrud var da 4 naut og 2 sauer, og det var i våronna sådd og sett 1 ½ td. korn og 1 td. poteter.

Av andre kjelder går det elles fram at det var Johan Olsen Sørhove som i 1833 hadde gitt skjøte til Nils Olsen på parsellen Ensrud. Kjøparen Nils Olsen gav med det same føderådskontrakt til Beret Ensrudstuen. Her er det altså tale om folk av to familiar som samtidig budde på Ensrud.

Frå 1879 er det fortalt at enka etter Nils Olsen, Sønnøv Pedersdtr. Ensrud, som da sat i uskifta bu, gav skjøte til sonen Simen Nilsen på grd. Ensrud for kjøpesum kr. 3000 + føderåd av 5-årleg verdi kr. 500.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk da tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld omrekna i mark og øre. Ensrud i Fåberg vart da matrikulert som før under Sør-Hove, gardsnr. 186, men med nytt bruksnr. 5 og med samla matr.skyld 2,32 mark. Men eigar og brukar på garden var framleis Simen Nilsen Ensrud.

Ensrudberget er omtala i år 1900. Det var da ei skylddelingsforretning der Ensrudberget, som bruksnr. 10 under Sør-Hove, vart skyldsett til 0,05 mark og seinare selt til Emil Haave.

Det kommunale manntal for Fåberg av 1907 fortel elles at Simen Nilsen og hustru Brit Olsdtr. også i den tid var husbondsfolk på Ensrud. Husbonden var da 57 år, og husfrua var 48 år.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det samla jordbruksareal av åker, hage og eng ca. 30 mål, og eigar og brukar av Ensrud var da Gunnar Ensrud.